

Rapport frå medverknadsverkstadet i Valle kommune

Dato: 13/11-2025

Av:

Masterstudentar i «Samfunnsplanlegging, sted og prosess»
Universitetet i Agder

Innleiing	3
Teoretisk rammeverk	4
Metode	6
Funn og resultat	10
Analyse av funn - tolke hovudfunna	12
Refleksjon	14
Konklusjon	17
Litteraturliste	18
Vedlegg	19

Innleiing

Etter kommunevalget i 2023 har Valle kommune arbeidd med utviklinga av samfunnsdelen av kommuneplanen (Valle kommune, 2025a). Som ein del av dette arbeidet vart det 20. oktober arrangert eit innbyggjarmøte der det stod orientering frå kommunen, presentasjon frå statsforvaltaren og medverknadsverkstad på agendaen (Valle kommune, 2025b).

Medverknadsverkstaden var eit samarbeid mellom UiA og masterstudentar på linja «Samfunnsplanlegging, sted og prosess», der tema beredskap stod sentralt. Beredskap har vore eit viktig område for utgreiing i Valle, og var eit tema på møte for lag og foreiningar veka etter (Valle kommune, 2025a). På denne måten la kommunen til rette for medverknad frå fleire grupper.

Medverknad blir sett på som ein viktig del av lokaldemokratiet og som eit verktøy for å jobbe mot betre løysingar (Kommunal-og distriktsdepartementet, 2024). Formålet med verkstaden i Valle var å løfte fram innbyggjarane sine perspektiv på beredskap, slik at desse kan bli tekne omsyn til når samfunnsdelen av kommuneplanen skal lagast. Samstundes er det viktig å presisere at medverknad ikkje er det same som medbestemming, og at Valle kommune har den endelege beslutningsmyndigheita når prioriteringar i planen skal gjerast.

Som eit bidrag til beslutningsgrunnlaget er det derfor utarbeidd ein rapport frå innbyggjarmøtet i Valle 20. oktober. Rapporten er skriven av studentane ved UiA og handlar hovudsakleg om bakgrunn og funn frå medverknadsverkstaden. Innleiingsvis blir innhald, teori og funn presentert, før det blir gjort ei tematisk analyse der den innhenta informasjonen blir kategorisert.

Teoretisk rammeverk

Planlegging som fagfelt har dei siste tiåra gått frå å vere eit teknisk og ekspertstyrt verkemiddel til å bli ein sosial og demokratisk praksis som krev dialog, deltaking og samarbeid mellom mange aktørar. I denne samanhengen er det teoretiske rammeverket i rapporten utforma for å belyse korleis ulike former for deltaking og samskaping kan forståast, og korleis slike prosessar kan bidra til meir berekraftig og demokratisk samfunnsutvikling. Rammeverket byggjar på fire teoretiske perspektiv som til saman speglar denne utviklinga, frå kommunikativ planlegging og institusjonelle former for medverknad, til nyare tilnærmingar som vektlegg innovasjon og eksperimentering.

Utgangspunktet er Jürgen Habermas sin teori om kommunikativ handling, som har hatt stor innverknad på planleggingsteori sidan 1990-talet (Habermas, 1984, sitert i Eriksen & Weigård, 1999). Habermas legg vekt på at rasjonell og legitim planlegging berre kan oppstå når aktørar deltek i open og likeverdig dialog, der målet er gjensidig forståing framfor strategisk påverknad. Denne tanken dannar grunnlaget for det som ofte blir kalla kommunikativ eller deliberativ planlegging, der planleggjarar fungerer som tilretteleggjarar for samtale og refleksjon mellom ulike interesser. I denne samanhengen er teorien relevant fordi medverknadsverkstaden i Valle kan sjåast som eit forsøk på å skape eit slikt kommunikativt rom, eit rom der innbyggjarane ikkje berre blir høyrde, men deltek aktivt i utforminga av felles forståingar av stad og framtid.

Habermas sitt ideal om kommunikasjon som grunnlag for legitimitet blir vidareført og konkretisert i arbeidet til Aarsæther og Nyseth om sjølvorganiserte former for deltaking. Dei inviterte formene blir initierte av kommunen eller andre offentlege instansar, medan dei sjølvorganiserte oppstår nedanfrå, ofte som reaksjon på, eller supplement til, dei formelle prosessane. Denne distinksjonen er relevant fordi ho synleggjer korleis deltaking i planlegging ikkje berre skjer på kommunale premiss, men også gjennom lokale initiativ og engasjement. I praksis utfordrar dette planleggjarane til å opne for ei meir mangfaldig forståing av kven som deltek, og på kva vilkår. I tilknytning til verkstaden i Valle gir dette eit

analytisk grunnlag for å forstå korleis kommunen inviterer inn innbyggjarane, men også korleis dei sjølve kan ta eigarskap til prosessen.

Eit tredje bidrag kjem frå Falleth og Knudsen (2015), som analyserer korleis planlegginga historisk har utvikla seg frå å vere ekspertstyrt og sektororientert til å bli ein meir heilskapleg og deltakarbasert praksis. Denne utviklinga speglar eit større skifte i forståinga av planlegging, frå eit instrument for fysisk styring til eit sosialt læringsrom der ulike former for kunnskap og erfaring møtest. I lys av denne teorien kan verkstaden forståast som eit uttrykk for denne demokratiseringa av planlegginga, der fagkunnskap blir kombinert med lokal kunnskap og erfaringsbasert innsikt.

Med bakgrunn i desse meir etablerte teoriane går Nyseth, Ringholm og Agger (2019) eit steg vidare og undersøker korleis deltaking skjer i randsona av det formelle plansystemet. Dei utviklar eit teoretisk rammeverk basert på tre omgrep: sosial innovasjon, planlegging som eksperimentering og samskaping. Sosial innovasjon handlar om å utvikle nye måtar å møte samfunnsbehov på, der samarbeid mellom borgarar, næringsliv og forvaltning står sentralt. Planlegging som eksperimentering viser til korleis planprosessar kan forståast som lærande og utforskande arenaer, der ein prøver ut nye former for samhandling og innverknad. Gjennom samskaping kan ulike aktørar saman produsere offentleg verdi og sosial endring. Dette perspektivet er særleg relevant fordi det synleggjer korleis deltaking ikkje berre handlar om medverknad innanfor gitte rammer, men òg om å utvikle nye arenaer og arbeidsformer som utvidar sjølve planlegginga sitt handlingsrom (Nyseth et al., 2019).

Til saman dannar desse fire teoriane eit samla rammeverk for å forstå korleis planlegging kan fungere som ein sosial og kommunikativ prosess der kunnskap, makt og deltaking blir forhandla. Habermas (1984, sitert i Eriksen & Weigård, 1999) legg det normative grunnlaget for dialog og forståing, Aarsæther et al. (2025) gjev eit språk for å skilje mellom ulike former for deltaking, og Falleth og Knudsen (2015) set dette inn i ein historisk utviklingskontekst. Nyseth et al. (2019) utvidar deretter perspektivet mot meir dynamiske, samskapande og eksperimentelle former for planlegging som fremjar sosial læring og lokal innovasjon. Dette teoretiske rammeverket gir såleis eit utgangspunkt for å analysere korleis

medverknadsverkstaden i Valle kan forståast som ein del av denne utviklinga, frå formelle deltakingstradisjonar til meir fleksible, samskapande og læringsorienterte prosessar som utfordrar etablerte grenser mellom planleggjar og deltakar, mellom kommune og innbyggjar.

Metode

I denne delen av rapporten legg vi fram kva metode vi har brukt. Vi har halde eit medverk-nadsverkstad som er ei kvalitativ tilnærming. I tillegg omtalar vi korleis førebuingane har vore, korleis verkstaden var organisert, deltakarane, og korleis vi har nytta det innsamla materialet for å forstå vidare funn.

Kvalitativ metode: Verkstad og deltakande observasjon

Kvalitativ forskingsmetode kjenneteiknast av data som blir samla inn, med ønske om å få fram nyanserte data og å gå i djupna (Jacobsen, 2022, s. 66). For å oppnå nyanserte data, gjennomførte vi eit verkstad og nytta oss av deltakarobservasjon. Eit medverknadsverkstad som metode kan ha fleire funksjonar: å innhente lokalkunnskap, brukarerfaringar og ideinnspeil, å avklare dagsordenen for utviklingsprosessen eller å sikre legitimering hos offentlege aktørar (Farner, 2008, s. 78). Funksjonen for vårt verkstad var å innhente lokalkunnskap og brukarerfaringar, og derfor nytta vi oss av deltakarobservasjon.

Deltakarobservasjon går ut på å vere blant folk og delta i deira samhandling, samstundes som ein studerer og observerer dei (Fangen, 2004, s. 28). Vi samhandla derfor med deltakarane, samstundes som vi følgde med på kva dei snakka om. Under verkstaden hadde vi studentar som deltok i gruppediskusjonar, og nokre studentar som gjekk rundt og observerte, samstundes som vi noterte. Notata våre og deltakarane sine ark frå temarundane under medverknadsverkstaden er den empirien vi har basert analysen vår på.

Førebuingar til medverknadsverkstad

I forkant av verkstaden blei studentane delt inn i tre grupper som skulle ta for seg ulike fokusområde i førebuinga til verkstaden. Her diskuterte vi gruppevis aktuelle spørsmål og tematikkar som ville vere aktuelle å ta med vidare til sjølv gjennomføringa. Utover semesteret såg vi større verdi av å samarbeide som ei heil gruppe og valde difor å jobbe vidare saman for å utforme:

1. Spørsmål som skulle brukast til verkstaden
2. Ein køyreplan for korleis han skulle gjennomførast. Dette inkluderer val av PowerPoint, kor mange minutt per temarunde og korleis vi som studentar skulle fordele oss under verkstaden.
3. Kva utstyr vi trong for å samle inn data. Dette inkluderer mellom anna post-it-lappar, PC, store ark, tusjar og pennar.

På den måten blei planlegginga ryddigare og samarbeidet enklare. Slik fekk vi òg sikra ein raud tråd gjennom verkstaden og ein plan for korleis vi skulle sikre det som blei sagt.

Program og metode

Opplegget bestod av fleire fasar. Ved inngangen fekk deltakarane utdelt post-it-lappar og blei bedne om å skrive ned eitt ord dei assosierte med beredskap. Desse orda blei samla inn og brukte som introduksjon til temaet, for å vise mangfaldet i forståinga av begrepet.

Etter introduksjonen blei verkstaden organisert i temarundar, der deltakarane diskuterte ulike problemstillingar relatert til beredskap. Kvar temarunde varte i om lag 15 minutt og blei gjennomført i grupper. Gruppene fekk utdelt store ark og tusjar for å notere ned tankar, idear og forslag. Studentane fungerte som fasilitatorar og observatørar, og hjelpte til med å halde diskusjonen i gang ved behov.

Blant tema som blei diskutert var:

- Kvifor beredskap er viktig, og korleis det kan styrkast lokalt.
- Erfaringar frå tidlegare hendingar i kommunen (kva dei har opplevd), og kva som fungerte eller kunne vore betre.
- Kommunen sine utfordringar med beredskap, som infrastruktur, kommunikasjon og eigenberedskap.

- Ei scenariorunde, der deltakarane diskuterte korleis dei ville handtert ulike krisesituasjonar (som straumbrot, ras eller uvêr).

Det blei i tillegg holdt ei orientering frå leiinga i Valle kommune ved kommunedirektør Vidar Homme og rådgjevar/beredskapsansvarleg Torleif Homme, samt ein presentasjon frå Norsk Folkehjelp, før deltakarane heldt fram diskusjonane.

Deltakarar

Dei som deltok bestod av innbyggjarar som bur i Valle kommune, som blei inviterte gjennom kommunen sine heimesider. Dette blei annonsert i kommunen si eiga informasjonsavis “Bygdenytt”, på heimesida deira, i innbyggjarappen Friskus og på Facebook. Det var kommunen som tok seg av rekrutteringa, og vi hadde difor ikkje noko påverknad på korleis rekrutteringa til møtet føregjekk. Det var totalt 15 deltakarar på verkstaden, der fem av deltakarane var inviterte til å halde innlegg på møtet i tillegg. Her var det tre personar frå Norsk Folkehjelp og to personar frå kommunen. Deltakinga var frivillig, og dette bidrog til at dei som møtte, kom med gode innspel og diskusjonar.

Tematisk analyse

Temarundane i opplegget hadde ulike tema, som til dømes viktigheita av beredskap og utfordringar i kommunen rundt beredskap knytt til infrastruktur og kommunikasjon. Ettersom at diskusjonane i gruppene under dei ulike temarundane brakte fram ulike tema som vi ynskte å belyse, nytta vi oss av tematisk analyse. Dette er ein analysestrategi som gir ein rik og detaljert, men også ein kompleks framstilling av dataene (Bazeley, 2013, s. 191). Ifølge Johannessen et al. (2018, s.279), gjennomføres ein tematisk analyse ved å gruppere data inn i tema, som vi har kategorisert som hovedtema og undertema. Ved å gjere ein slik analyse har vi moglegheit til å gruppera svara og innspela til deltakarane i tema (Johannessen et al., 2018, s. 279).

Dokumentasjon

Innspela blei dokumenterte på fleire måtar. Kvar gruppe fekk utdelt store ark, der ein person hadde ansvar for å notere hovudpunktene frå diskusjonen. I tillegg observerte studentane aktivt undervegs, tok eigne notat og dokumenterte sentrale poeng frå gruppesamtalane. Dette

materialet blei seinare systematisert og brukt som grunnlag for analyse og vidare refleksjon i rapporten.

Funn og resultat

Medverkningsverkstaden i Valle gav eit innblikk i korleis innbyggjarane tenkjer om beredskap. Her blir hovudfunnane frå dei fire temarundane presentert. Sjå og vedlegg for fullstendig oversikt over funn.

Temarunde 1: Kvifor er det viktig med beredskap?

Innbyggjarane skildra beredskap som evna til å kunne sikre liv og dekke grunnleggjande behov ved kriser. Mange knytt dette til kontroll over vannressursar, tilgang på varme, straum og mat i minst ei veke. Fleire uttrykte at beredskap handlar om «å kunne overleve i fjorten dagar», og meinte at alle burde ha eit beredskapslager hjemme. Eigenberedskap blei difor eit gjennomgående tema, kor gass, fossilt drivstoff, og salt tilgjengeleg for konservering blei nemnd som viktige ressurser. Fleire etterlyste alternative kommunikasjonskanalar hvis straum og radio skulle falle bort. I tillegg til at det blei uttrykt bekymring for at eldre og ikkje digitale innbyggjarar ikkje får tilgang til viktig informasjon. Dersom straumen og radioen skulle falle bort, kom det inn forslag ved å bruke jaktradioar.

Forslaget om å etablere «beredskapsvener», naboar som ser til kvarandre, viser korleis sosialt samhald ses som ein del av beredskapen. Deltakarane meinte også at kommunen burde ha ein tydeleg overordnet plan for å unngå kaos og sikre at alle samfunnsviktige funksjonar opprettholdes i krisesituasjoner.

Temarunde 2: Tidligere erfaringar i kommunen innan beredskap

Basert på tidligere erfaringar viser deltakarane at samfunnet i Valle har ein sterk beredskapskultur. Deltakarane nemnde fleire hendingar som ekstremvær, orkan, snøras, skogbrann og pandemien. Under koronapandemien var det fleire som opplevde at kommunen håndterte situasjonen godt, blant anna ved rask vaksinerings og lite smittepress. Ved naturhendingar blei det også fremhevet at lokalbefolkningen har ei sterk dugnadsånd, folk stiller opp med maskiner og ressurser dersom noko skjer. Andre ting som blei peikt på var svikt i kommunikasjonen under tidlegare straumbrudd hvor både brannvesen og hjemmesykepleien mista kontakt, og trygghetsalarmer ikkje fungerte. Difor foreslo fleire å kartlegge kven som har jaktradioer, slik at desse kan brukast meir mer systematisk mellom

naudetatene. Behovet for kompetanseheving blei også trekt fram, spesielt kurs i førstehjelp, redning og skred.

Turismen blei trekt fram som ein potensiell sårbarheit, kvar det blei påpekt at vinterturistane i Valle vil legge ekstra press på helse – og redningstenestene, samt også stilt spørsmål om kven som har ansvaret dersom ei krise oppstår. Det blei også nemnd at kommunen må sikre at ikkje fastboende også får informasjon. Det kom også inn forslag om ein turistskatt for å styrke lokal beredskap. Fleire uttrykte også bekymring for at nasjonal beredskap har blitt svekka over tid, og meinte at Heimevernet burde byggjast opp att.

Temarunde 3: Kva utfordringar har Valle med beredskap?

På møtet kom det fram at Valle kommune manglar stabilt GSM - og nødnett, og spesielt i områder som Bjonnevattn, Urdvasshei og Vestheia. Dette vil også skape utfordringar for kommunikasjon mellom naudetater og innbyggjarar. Nokre av deltakarane trakk fram at avstanden til sjukehus var ein risiko, og ettersom det ikkje er mange ambulanser tilgjengeleg, er det lang veg til Kristiansand om noko skulle skje. Det blei også trekt fram at riksvei 9 er den einaste hovudvegen gjennom Setesdalen. Dersom flaum, ras eller andre krisesituasjonar oppstår finst det ingen omkøyringsmoglegheiter anna enn riksveg 9. Fleire foreslo alternative løysningar, dømes å etablere ein veg mellom Berg og Uppstad, dersom bruene ved Florenden blir øydelagt. Deltakarane meinte at straumnettet er sårbart, og foreslo å etablere lokale lagre med reservedelar og drivstoff for å gjenopprette straumen raskare om det skulle vere nødvendig. Flomfare rundt Vatnedalsdammen og Otra blei også nemnt, og fleire mente at desse områda burde sikres betre.

Temarunde 4: Scenarioøving - straumbrot 72 timar

Denne øvinga viste at fleire av innbyggjarane allereie hadde gode praktiske løysningar for å handtere eit langvarig straumbrot. Dei fleste oppgav at dei ville ha brukt vedfyring og gass til oppvarming, samt også bruke aggregat, batterilykter og stearinlys som belysning. Det kom også fram at fleire ville sjå til naboer og sårbare personar. Om straumbrotet skjer på vinteren ville mange oppbevare mat utandørs i snøen, men at brønnvatn og vannrør kan bli eit problem utan stium. Vidare blei tilgang på medisinar trekt fram som ei bekymring, dømes tilgang på insulin og smertestillande. Fleire meinte at sjukeheimen ville vere den einaste staden med

medisin på lager. Andre bekymringar var kommunikasjon med familie og nødetater, men svara viste tillit til både kommunen og kriseledelsen, og ikkje minst naboene.

Analyse av funn - tolke hovudfunna

Basert på dataane overfor har vi kategorisert funna gjennom ein tematisk analyse. Resultata er basert på deltakaranes erfaringar. Hovedtema vi kom fram til etter å ha høyrte på deltakarane og gått gjennom funna, var å sikre tryggleik og fysisk infrastruktur. Innan dei framkom det fleire undertema. Innan å sikre tryggleik var undertema personleg tryggleik, kommunikasjon og informasjonsflyt og positive opplevingar. Under fysisk infrastruktur var undertema framkommelegheit, sårbarheit i forbindelse med dekning, straumett og helsevesen.

Hovedtema	Undertema	Funn
Sikre tryggleik	Personleg tryggleik	- Eigenberedskap - Tilgjengelege ressursar - Tilgang på medisina - Turisme - Forslag om ein turistskatt for å styrke lokal beredskap
	Kommunikasjon og informasjonsflyt	- Ein overordna beredskapsplan - Bekymring for eldre og ikkje-digitale som ikkje får informasjon - Viktig med god og tilgjengeleg informasjon frå kommunen - Beredskapsven – inkludere dei sårbare i samfunnet - Kartlegge kven som har jaktradioer - Sikre kommunikasjon for ikke fastbuende

	Positive opplevingar	- God brannberedskap - Generelt gode opplevingar - Tillit til kommunen, kriseledelsen, og naboene. - Sterk beredskapskultur - God oppleving under korona - Sterk dugnadsånd
Fysisk infrastruktur	Framkommelegheit	- Veldig sårbart med kun ein veg, RV9 - Kom forslag om å bygge ein bro for midlertidig omkøyringsveg mellom <i>Berg og Uppstad</i>
	Sårbarheit i forbindelse med dekning	- Dårleg mobildekning i mange område - Bekymringer for radio og mobil ved eventuelle straumbrot - Manglar stabilt GSM - og nødnett
	Straumnett	- Bekymringar for radio og mobil ved eventuelle straumbrot - Fleire har alternative moglegheiter for oppvarming, belysning og mat. - Ønske om saltlager i kommunen for å kunne bevare mat/kjøt ved lengre straumbrot. - Forslag om lokale lagre med reservedelar og drivstoff for å raskare kunne gjenopprette straumen
	Helsevesen	- Vinterturistane i Valle legg ekstra press på helse – og redningstenestene - Avstand til sjukehus nemnd som risiko - Ikkje mange ambulanser tilgjengeleg - Trygghetsalarmer som ikkje fungerte

Tabellen ovanfor er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med beredskap for kommunen sin samfunnsdel. For å forstå i kva grad desse funna kan brukast, har vi nedanfor gjort ei refleksjon kring omstenda for verkstaden.

Refleksjon

Formålet er her å undersøkje korleis medverknadsverkstaden i Valle fungerte som arena for deltaking, læring og samskaping mellom kommune, innbyggjarar og studentar. Drøftinga byggjer på det teoretiske rammeverket, som legg vekt på korleis planlegging kan forståast som ein sosial og kommunikativ praksis (Habermas, 1984), der ulike former for deltaking (Aarsæther, Nyseth & Ringholm, 2025), historisk utvikling (Falleth & Knudsen, 2015) og innovasjon (Nyseth, Ringholm & Agger, 2019) saman gir eit breitt perspektiv på korleis lokal samfunnsplanlegging kan utviklast. Her blir styrkar og svakheiter ved organiseringa trekt fram, slik at dette òg kan takast med i vurderinga når resultata skal tolkast og vidareførast i planarbeidet.

Ein avgjerande faktor for funna ved verkstaden er oppmøtet. Det var totalt 15 personar som deltok på verkstaden og bidrog i gruppediskusjonen. Dette utfordrar idealet om open og likeverdig deltaking som Habermas (1984) knyter til kommunikativ handling. Av desse deltok 5 både i sjølv medverknadsverkstaden og ved å halde innlegg for dei som møtte opp. I ein planprosess er det viktig at kommunen sikrar aktiv og brei medverknad frå berørte paratar, og legg til rette for deltaking på like vilkår (Habermas, 1984). Habermas legg til grunn at legitim planlegging krev kommunikasjon som er fri for tvang og dominans. I verkstaden oppstod ein open samtale, men strukturen var framleis styrt av kommunen sine rammer og studentane si fasilitering. På den eine sida kan ein peike på at Valle kommune sende ut invitasjon til innbyggjarane, men ikkje gjorde noko særskilt for å inkludere hyttefolket. Utdrag frå invitasjonen: «Invitasjon til våre innbyggjara» og «gratis og ope for alle» viser ei motseiing ved at kommunen vender seg til sine eigne innbyggjarar, samstundes som dei opnar for alle. Dette kan vere ei mogleg forklaring på at relativt få møtte opp. På den andre sida vart invitasjonen sendt ut per post i Bygdenytt, som blir distribuert månadleg til befolkninga i Valle (ifølgje Åse Ingebjørg Flateland). Dette kan reknast som inkluderande då

også den «analoge» delen av befolkninga fekk informasjon. Invitasjonen vart vidare delt på sosiale medium, mellom anna på fleire Facebook-sider (Valle kommune, Kultur i Valle og Setesdalssida) og på heimesida til Valle kommune, der det òg vart sendt ut påminningar. Desse tiltaka kan verke positivt på talet på deltakarar.

Vidare er det og ein føresetnad i teorien om kommunikativ planlegging at deltakarane opptre som likeverdige i ein diskusjon, for å kome fram til optimale løysingar (Habermas, 1984). Både i invitasjonen og under presentasjonane vart det oppmoda til å stille spørsmål frå innbyggjarane. Det vart observert at enkelte deltakarar starta med høgt engasjement og noterte fleire spørsmål under presentasjonane, for deretter å leggje bort notata då det første spørsmålet ikkje vart svara direkte på. Svaret gjekk ut på at problemstillinga ikkje var reell, og det kan dermed stillast spørsmål ved om deltakarane sine kunnskapar og utsegner vert oppfatta som likestilte i dette scenarioet. Det vart også observert at enkelte innbyggjarar var meir aktive enn andre under workshopen, noko som påverkar kva argument som kjem fram i funna. Det er derimot viktig å anerkjenne at dette er basert på observasjonar gjort av studentar, og ikkje har vore adressert med innbyggjarane sjølv. Det er derfor mogleg at nokon var meir tilbaketrekte fordi dei opplevde at tankane deira allereie vart uttrykte av andre.

Habermas' ideal om gjensidig forståing vart likevel delvis oppfylt ved at deltakarane delte personlege erfaringar og forslag som kommunen lytta til. At studentane leia prosessen bidrog til å redusere den maktasymmetrien som ofte pregar planleggingsmøte mellom kommune og innbyggjarar. Verkstaden kan difor tolkast som eit steg i retning av ein meir kommunikativ planleggingspraksis, sjølv om tidsramma og deltakinga avgrensa djupna på dialogen.

Konklusjon

Formålet med medverknadsverkstaden i Valle var å undersøke kva som er viktig for innbyggjarane knytt til beredskap. Gjennom ulike temarunder fekk vi funn knytt til innbyggjernes erfaringar, utsette steder, utfordringar og det som allereie oppleves bra. Samtalane mellom lokalbefolkninga og kommunen er med på å styrkja grunnlaget i det

vidare arbeidet i kommunen rundt tema som beredskap i tida framover. Under samtalene kom det fram ei rekkje ulike perspektiv på eigenberedskap, kommunikasjon og infrastruktur, som samla sett gir eit breitt bilete av dei ulike utfordringane til kommunen.

Teoretisk kan verkstaden forståast som eit steg i retning av ein meir kommunikativ og samskapande planlegging, der innbyggjarane ikkje berre blir informerte, men deltar aktivt i å forme lokalsamfunnet. Samtidig viste deltakinga at det framleis er behov for å inkludera fleire grupper då dette vil sikra eit meir representativt grunnlag for vidare arbeid.

Alt i alt har denne medverknadsprosessen bidratt til god læring. Erfaringane frå Valle bør sjåast som eit verdifullt bidrag til vidare arbeid med medverknad og beredskap i den framtidige kommuneplanen.

Litteraturliste

Aarsæther, N., Nyseth, T. og Ringholm, T. (2025). *Medvirkning i kommunal planlegging: invitert eller sjølorganisert?* I Bårdseth, G. A., Folkestad, B., Halvorsen, L. J. & Olsen, G. M. M. (red.) (2025). Plan, politikk og prosess: eit heidersskrift til Jørgen Amdam og Roar Amdam. Scandinavian University Press.

- Bazeley, P. (2013). *Qualitative Data Analysis: Practical Strategies*. SAGE Publications Ltd.
- Eriksen, E.O. og Weigård, J. (1999). Kapittel 1: Innledning. i Eriksen, E.O. og Weigård, J. (red). *Kommunikativ handling og deliberativt demokrati. Jürgen Habermas' teori om politikk og samfunn*. Fagbokforlaget.
- Falleth, E., & Knudsen, J. P. (2015). Ferden mot dagens samfunnsplanlegging. *Plan*, (1), 4–11.
- Fangen, K. (2004). *Deltagende observasjon*. Fagbokforlaget.
- Farner, A (2008) *Verksted som verksted: å planlegge og lede workshops*. Kommuneforlaget AS.
- Jacobsen, D. I. (2022). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? – Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (4. utg.). Cappelen Damm AS.
- Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W. & Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori?: Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Universitetsforlaget.
- Kommunal-og distriktsdepartementet. (2024). Medvirkning [Redaksjonellartikkel]. Regjeringen.no; regjeringen.no.
https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/medvirkning/id2961720/
- Nyseth, T., Ringholm, T., & Agger, A. (2019). Innovative forms of citizen participation at the fringe of the formal planning system. *Urban Planning*, 4(1), 7–18.
<https://doi.org/10.17645/up.v4i1.1680>
- Valle kommune. (2025a). Arbeid med ny kommuneplan.
<https://valle.kommune.no/kommunale-planar-og-armeldingar/arbeid-med-nye-kommuneplanar/arbeid-med-ny-kommuneplan/#faqsporsmal-337>
- Valle kommune. (2025b). Masterstudentar med innbyggjarverkstad i Valle som del av arbeidet med kommuneplanen. <https://valle.kommune.no/aktuelt/masterstudentar-med-innbyggjarverkstad-i-valle-som-del-av-arbeidet-med-kommuneplanen.6828.aspx>

Vedlegg

Vedlegg 1 - Presentasjon frå UiA i forbindelse med workshop i Valle

Velkommen til medverknadsverkstad - Beredskap



Formålet med verkstaden

- Få innspel frå dykk som bur i Valle
- God beredskap handlar ikke berre om planar og systemer, det handlar om menneske



De sit på viktig kunnskap om:

- erfaringer
- nærmiljøet
- lokale utfordringar
- forhold kommunen kanskje ikkje kjenner til



Difor skal vi saman utforske moglegheiter og utforingar knytte til beredskap i Valle!



tryggheit infrastruktur
overleve bomberom
jord-i-hevd forutsigbarhet
krig landbruk
sikkerheit



Inndeling i grupper til verkstad




Program for medverknad

1. Dele inn i grupper ✓
2. Teamarunde 1
3. Teamrunde 2

PAUSE

4. Temarunde 3
5. Temarunde 4

Avslutning - takk for oss




Ca. 15 minutter per tema 🗨️



Temarunde 1

Kvifor er det viktig med beredskap?



Temarunde 2

Tidlegare erfaringar i kommunen innan beredskap?

Kva har dykk
opplevd?

Kva fungerer?

Kva kan forbetras?



Temarunde 3

Kva for utfordringar har Valle med
beredskap?

Marker utsette område på kartet og skriv
 gjerne ned forslag til løysingar.



<https://kommunekart.com/klient/setesdal/valle>



Temarunde 4

Realistiske krisescenario

Straumbrot
i 72 timar

Ras som følge av
flom

Pandemiliknande
situasjon

Kva ville dykk ha gjort? Kva ville de ha mangla? Kven ville de stole på?



Avslutning - oppsummering

Spørsmål eller kommentarer?



INVITASJON
Ny kommuneplan


Valle
i Setesdal

INVITASJON TIL VÅRE INNBYGGJARAR
INNBYGGJARVERKSTAD: BEREDSKAP
Sæbyggjen måndag 20. oktober kl. 17. Enkel servering – gratis og ope for alle!

I arbeidet med ny kommuneplan – samfunnsdelen ønskjer vi å involvere innbyggjarane i viktige spørsmål om beredskap og tryggleik. For deg som innbyggjar er dette ei moglegheit til å få innsikt, stille spørsmål og bidra med dine perspektiv!

Program for kvelden:

Informasjonsbolk 1: EIGENBEREDSKAP
- Kva kan du gjere for å vere betre førebudd?

Informasjonsbolk 2: TOTALBEREDSKAP
- Ved Bengt Eirik Henriksen, Statsforvaltaren i Agder

Verkstad: BEREDSKAP I KOMMUNEPLANEN
- Her får du vere med og diskutere, komme med innspel og påverke framtidens beredskap i Valle kommune,
- Masterstudentar frå masterprogrammet Samfunnsplanlegging, stad og prosess ved Universitetet i Agder leiar prosessen.

Kvifor bør du komme?

- Du får nyttig kunnskap om beredskap
- Du får høyre frå fagfolk og stille spørsmål
- Du får vere med og forme samfunnsdelen i kommuneplanen

Velkomen til ein kveld der di meining tel!

(invitasjon frå kommunen)



Hvordan gjøre Valle tryggere?



Bli med på medvirkningsverksted om beredskap


Dato:
20. Oktober


Sted:
Valle kommunehus, Sæbyggjen


Tid:
Kl. 17



Hva gjør vi når strømmen går i flere døgn?



Hva skjer hvis ras stenger veien?



Hvordan hjelper vi hverandre i kriser?

Vi vil høre hva du tenker!

Program:

- Kort introduksjon om beredskap i Valle
- Diskusjon i grupper - dine erfaringer og ideer
- Vi samler innspillene til bruk i kommuneplanen

Vi stiller med enkel servering

Alle er velkomne!



(forslag til invitasjon frå studentane)

Vedlegg 3 - Innspillene frå deltakarane på medverknadsmøtet

Temarunde 1 - Kvifor er det viktig med beredskap?

- “Er det ikke bare å klare seg i 14 dager?”
- Styre vannressursene i regulerte vassdrag. Dammer, vannressurser.
- For å takle kriser
- For å være forberedt
- For at ting ikke skal bli ødelagt
- For å overleve
- For å kunne koordinere
- For å sikre livs- og samfunnsviktige funksjoner.
- Grunnleggende behov
- Forebygge, forberede, håndtere og gjenoppretting
- Forberede seg på eventuelle katastrofer
- Vite hva man en bør gjøre
- Unngå kaos
- Få ut informasjon og sikre kommunikasjon
- Sikre alle som ikke er digitale (kanskje spesielt eldre)
- Sikre tilgang på vann og strøm. Ulike vannkilder som er pålitelige? – Sikre bedre vannkilder.
- Ikke miste strømmen
- Varme
- Fossilt drivstoff
- Beredskapslager / Egenberedskap
- Vann – For 7 dager
- Mat for 7 dager
- Salt tilgjengelig – For å ta vare på mat (konservering) - Mye kjøtt som må saltes dersom strømmen ryker. Kommunen
- At man er forberedt- Viktig med en overordnet plan slik at det ikke blir kaos.
- Informasjonsflyten – at kommunen kommuniserer den viktige informasjonen angående beredskapen.
- Annen informasjonskanal enn radioen i et strømbrudd.
- Plan for hvordan innbyggerne skal overleve.

- Plan - For å sikre livs- og samfunnsviktige funksjoner.
- Ulik beredskap i ulike områder
- Nok dyrka mark, dyr, agregat, fossilt drivstoff, ved, mat (14 dager), airrex, disselvarmer, salt, våpen, og ammo
- Hvor lenge varer de nasjonale beredskapslagrene mtp mat?
- Beredskapsvenner
- Har man alt man trenger på hytta? Vann, mat osv.

Temarunde 2 - Tidligere erfaringer i kommunen innen beredskap

Hva har dere opplevd?

- Vanvittig regnvær - grave (gravemaskin) slik at det ikke tar bygninger
- covid
- Koke vatnet - vatnet måtte kokes i 7 dager - kva om strømmen ryker samtidig?
- Tordenvær - lyneslag
- Snøras
- Stygge ulykker
- Korona
- Skogbrann
- Orkan 2000
- Brann
- Strømbrydd. Fikk ikke kommunikasjon i brannvesenet- hjemmesykepleierne mistet kommunikasjon- varslinger fra pasientene nødalarm (Trygghetsalarm) forsvinner da. De brukte jaktradioer for å oppnå kommunikasjon.

Hva fungerer?

- Mange næringsdrivende med maskiner (snø++)
- Snøraset - folk er på plass med ei gong
- Kommunen informerer innbyggerne
- Kommunen har hatt økt fokus på beredskap de siste 5 årene og er fremoverlent, det ses som en positiv utvikling.

- Flere områder som tidligere har vært rasutsatt er blitt utbedret.
- Flertallet har vedovn og noen har også aggregat, brønn og bensin-/dieselbil - positivt for egenberedskap.
 - Det ble nevnt et eksempel på en som var avhengig av strøm grunnet helsetilstand og dermed skaffet seg aggregat. -> Bevisst forhold til beredskap i befolkningen.
 - Salt ble tatt opp som eksempel for egenberedskap, ved at det kan brukes til å bevare mat og kjøtt dersom strømmen ryker.
- God brannberedskap - kommunen har taklet kriser bra og boligbebyggelse har ikke vært utsatt.
- Brannberedskap
- Helsevesenet
- Det blir nevnt at også private kriser takles bra.
- Ingen ble skadet under korona, skogbrann eller orkan 2000. Ting fungerer.
- Under korona fungerte ting bra: folk fikk vaksiner raskt, lite kø, lite trykk generelt og det var nok utstyr til å takle det. De fleste bor i hus og det ble trukket frem som positivt at man ikke satt alene og isolert i en leilighet.
- God regulering av vann → har dermed ikke vært noen stor flom. De er altså utsatt, men siden systemet virker er det ikke blitt noen krise.
- Godt forebygd mot flom i dalføret pga kraftutbygging.

Hva kan forbedres?

- Før vannvittig regnvær - grave (gravemaskin) slik at det ikke tar bygninger
- Ulike vannkilder som er pålitelige? – Sikre bedre vannkilder.
- Beredskapsvenn:
 - De fleste har nok et godt nok nettverk, men ikke nødvendigvis alle har beredskapsvenn. To søstre blir nevnt som eksempel på noen som står litt utenfor.
- Fleire ein kan kontakte, ein er prisgitt naboar og familie
- Opprette/holde kurs: snøskred, førstehjelp, søk og redning, og svømming
- Kompetansedeling + kompetanseheving

- Informasjon
 - Når kan en forvente neste info
 - Eks. Nå er de i Valle kommune
 - → Kok Vatnet
- Stor andel av befolkningen er ikke digitale
- Sikre kommunikasjon for ikke fastboende . Hvordan får de som ikke er bosatt i kommunen informasjon? Trygghet og sikkerhet for de ikke-fastboende. Sikre god kommunikasjon til de ikke-fastboende.
- Ny teknologi- eksempelvis Friskus - kommunens kommunikasjonsform. Friskus-appen - hvordan få folk til å laste ned og bruke den? Eldre- hvem sjekker de? “Hva er Friskus?”
- Minimum antall på fossilbiler. Må ha noen fossilbiler - ikke alle kan ha kun el-biler i kommunen- hva om strømmen ryker? Kommunen er veldig avhengig av strøm.
- Jaktradioer/sikringsradioer er viktig når det gjelder beredskap, hvem som har og hvor de er. Viktig hvis strømmen blir borte. Oversikt over tilgang på jaktradioer og sikringsradioer (skoghogsterne, tømrere?)

Jaktradioer+ helsetjeneste+ brannvern+ politi.

Ved strømbrudd fikk ikke kommunikasjon i brannvesenet hjemmesykepleierne mistet kommunikasjon

varsling fra pasientene nødalarm (trygghetsalarm) forsvinner da. De brukte jaktradioer for å oppnå kommunikasjon.

Hvilke frekvenser skal brukes?


Kan folk ha private radioer (VHF?) for å kunne koble seg til? Dobbeltnett?

- Helsetjenesten ved turismen. Hvem hjelper turistene ved en krisesituasjon? Hvordan får de informasjon og hvor kan de henvende seg for informasjon? Turistskatt for å øke beredskapen ved økt turisme (!?)
- Terrormål- sabotasjesikring.
- For stor tillit i landet- beredskapen ble nedbygd- Heimvernet er nedbygd- Må bygges opp igjen. Samfunnet var naivt for 20 år siden. Heimevernet bygges opp er viktig.

Temarunde 3 - Kva utfordringar har Valle med beredskap

Marker utsette område på kartet og skriv gjerne ned forslag til løysingar.

- Ikke nødnett på flere områder i Valle.
- Må på høy topp for å få dekning.
- Dårlig GSM dekning og nødnett i store deler av kommunen - kommunikasjon.
Bjønnevatn + høyfjellet + Urdvasshei. Store deler av Vestheia.
- Strømnettet: Høyspentlinjer? Linjekapasitet? Nettkapasitet?
- Mangel av: (reservestrøm basestasjoner, dekning)
- Gsm-nett (se områder markert på kart)
- Nødnett (se områder markert på kart)



- Ras/flom: kun en veg (Rv9), ingen omkjøring. Det er sårbart i forhold til ambulanse og skole. Lang veg til Kristiansand ved et uhell - ambulanse. Hvilke tilbud har legene? Mangel på ambulanse? Valle og Bykle - ambulansen oppholder seg ofte i Kristiansand?!
- Starte opp kraftverk: Gjennoppbygge strømnett etter store utfall

- Tilgang på rep./reservedeler ved kriser/ulykker → ha lager
- Rv9 Ødelegges (ved krysset Rv9 Setesdalsveien - Suleskarveien)



- Florenden (Flårenden)

Skred - snø og jord

- dersom tek brua v/Florenden kan ein lage veg mellom Berg og Uppstad

Store mengder vann rant ned Brokke. Oversvømte strender der(berg).

Faråne (Faråni) - Rv9 myk ved for mykje vatn/nedbør

- Sjekke m/Å energi
- Dimensjonere

Flom - Vatnedalsdammen, øst i Tveitebø

Bruane v/Otra - mange maskinar på kvar side - lage ny bru

Vatn opp til riksvegen - påverkar dersom det gjeng over

Ras i Via Ferata løyper evt. andre turiststiar/mangnetar

Bombe - Brokke, Holen, Vatnedalsdammen - da får me problemar

- Mange turister på vinteren på hyttene, kan være utfordring for helsepersonell, “hvis tre brekker beinet samtidig?”.

Temarunde 4 - Scenarioøving – straumbrot 72 timar

Straumbrot i 72 t:

Hva ville dere gjort?

Brukt vedovn til

- varme
- matlaging

Sjekka ut sårbare personer

- ved til oppvarming

- gass til koking (matlaging)
- Ljos av batterilykt - stearinljøs
- finne fram aggregat
- bruke beredskapslagar ifrå kjellar
- Livsviktige medisiner, ha ekstra lager av for eksempel insulin. Eneste som har medisiner kan være sykehjemmet.

- Heimen: aggregat
- Kjem an på årstida:

Vinter:

mat ut i snøen - maten held seg

ved - varme

brønn - ikkje vatn

kritisk i forhold til skader på vatnrøyr osv.

avhengig av å ha ein dieselvarmer

ha eige aggregat og solcelle

sett til naboane og evt andre som kan trenge det

- Strømmen skal være lenge borte før du mister nettet.

Hva ville dere manglet?

Mangel:

Kommunikasjon til

- slektningar
- brannvesen } Informasjon

- ambulanse
- Hadde ein hatt tilgong på nok aggregat og drivstoff til dei?
- Aldri nok opplada powerbank

Hvem ville dere stolt på?

Alle vi kjenner

Kommunen

Kriseledelsen